

## Debatthefte

## Helse og omsorg



I samband med utarbeiding av fagplanar for helse- og omsorgsområdet i kommunen er det laga eit debattheft. Debattheftet tek opp ein del spørsmål som vi meiner er viktige diskusjonstema i planarbeidet. Innbyggjarar, lag og organisasjonar, folkevalde og andre engasjerte blir oppmoda om å bruke debattheftet og komme med innspel i ein innleiande fase av planarbeidet. Det er mogeleg å gje innspel på alle spørsmåla, eller velje eit eller fleire tema.

Innspela kan sendast elektronisk til kommunen på [post@aurland.kommune.no](mailto:post@aurland.kommune.no) eller per post Aurland kommune, Vangen 1, 5745 Aurland, merka med "Debattheft helse og omsorg". **Frist for å komme med innspel til spørsmåla i debattheft er 25.06.13.**

Vi håpar på stort engasjement og mange gode innspel!

Aurland, 28.05.13

Helsing

Norunn Haugen  
ass. Rådmann

Kari Voldum  
tenesteleiar for pleie,  
rehabilitering og omsorg

Jan Olav Møller  
rådgjevar plan

Steinar Søggaard  
rådmann

1. **"Eit godt liv for alle"** skal vere visjonen for helse- og omsorgstenestene i Aurland kommune. Kva kjenneteiknar eit godt liv, og på kva måte kan vi måle dette?
2. I planprogrammet er det lagt inn forventningar til ein **vesentleg omdisponering av ressursar** i pleie og omsorg til å styrke det førebyggjande arbeidet og til å bygge opp eit interkommunalt tenestetilbod knytt til Sogn lokal medisinske senter (LMS).
  - a. Korleis kan dette verte muleg?
  - b. Kva gevinstar kan vi få ved ei slik omdisponering av ressursar? (kvalitet, kompetanse, robuste einingar, økonomiske gevinstar, bærekraft m.m.)
  - c. Kva negative konsekvensar kan dette få?
3. I status- og analysenotatet som vart utarbeidd i 2012 er det tilrådd ei satsing på **heimebaserte tenester**. Kva kompetanse er det viktig å ha i heimetenestene?
4. **Innovasjon og nytenking** i helse og omsorgstenestene er eit dagsaktuelt tema. På kva tenesteområde kan kommunen ha nytte av å bruke tilgjengeleg teknologi, eller bidra til utvikling av ny teknologi?
5. Ei av dei største utfordringane i helse- og omsorgssektoren framover vil vere tilgang på kvalifisert arbeidskraft. Korleis kan kommunen tilrettelegge for **buformer** som reduserer behov for tenester?
6. Korleis kan kommunen bli attraktiv i kampen om **kompetent arbeidskraft**?
7. Ei av målsettingane i kommuneplanen er å oppretthalde busetnad i alle bygdene. Dette jobbar kommunen med i forhold til å tilrettelegge tomter i alle grender. Samstundes opplever vi ei sentralisering innanfor kommunen. Dette samsvarer med både trendar andre stadar og med nasjonale og regionale sentraliseringsbølgjer. Vi spør difor – kvar ynskjer de å bu når de blir eldre? Kva **bukvalitetar** ynskjer de å ha i nærmiljøet dykkar?

8. Samhandlingsreforma legg opp til at kommunane må betale delar av kostnadene ved behandling i sjukehus. Per i dag gjeld dette berre ein del type behandlingar, men utgjør likevel ein stor kostnad for kommunen. Ein av grunnane til denne lovendringa er at livstilssjukdomar blir stadig meir vanlege og at kommunane må ta eit større ansvar for å førebyggje slike sjukdomar. For å redusere desse kostnadane må kommunane i større grad rette innsatsen mot førebyggjande arbeid. Kva type **førebyggjande tiltak** kan vere aktuelt å innføre i Aurland kommune? Døme på tema innan førebygging er:
- Fysisk aktivitet, kosthold, alkohol, tobakk
  - Psykisk helse
  - Arv, miljø
  - Sosialt nettverk, familie
  - Fysisk miljø, trivsel
  - Utdanning, jobb

9. **Aktiv omsorg**

Ifølge St.meld 25 "Mestring, muligheter og mening" viser ei rekke undersøkingar at det er på det kulturelle og sosiale området omsorgstenestene oftast kjem til for kort. Aktiv omsorg er lite fokusert, lite utbygd og tilbod som dagaktivitetar framstår ofte som eit manglande mellomledd i omsorgskjeda. Regjeringa legg i St.meld 25 difor vekt på kultur og aktivitet som heilt sentrale og grunnleggande element i eit heilskapleg omsorgstilbod. Aktiv omsorg er ein av 5 hovudstrategiar for å møte framtidens omsorgsutfordringar. Korleis kan **intensjonane om aktiv omsorg bli innfridd** i kommunen vår?

10. **Aktive frivillige lag og organisasjonar** er verdifulle for lokalsamfunna. På kva måte kan frivillige lag og organisasjonar bidra innanfor folkehelse, helse- og omsorgsområdet? Korleis kan kommunen samarbeide med lag og organisasjonar?